



Førebels rapport 10.10.10

# VERDsARV og BYGDeUTVIKLING

Prosjekt: Småsamfunnssatsing KRD av 010509,  
initiert av verdsarvsadministrasjonen og fylket

Prosjektleder: Ingvild Hansen Nystad

(30 prosent forprosjekt, 010508-010509

50 prosent prosjekt, 010509-311210)

Arbeidsgiver: Stiftinga Paktarstova

Base: Norddal Prestegard, Paktarstova/løa



## 1.FASE: OPPRYDDING I HUS OG HAUD

Før vi ”plasserer” oss i framtida, må det ryddast opp .  
Mykje tilfeldig ”arve”goods har samla seg opp både i hus og haud...

*”Prestegarden har blitt ein lagerplass for alt og ingenting”*

*(sitat frå verdsarving)*

Opprydding, dugnader, vasking, hiving.

Restaurering av kufjøs.

Tøming av rom , paktarstove og løe.

Fjerning av rotskader, tak og vegg.

Eit vanskelegare utgangspunkt hadde vi på det indre plan:

*”Verdsarv- ej e så dritlei av dinna verdsarven”*

*(sita frå verdsarving)*

Kva er arven, og kva verdier ligg her?

Opprusking i formidlingsmåtar og omgrep.

I den grad vi kunne kombinere desse formene for opprydding, har vi prøvt å gjere det.

DØME PÅ

# UTPRØVINGAR OG SAMARBEID

UNDER OPPRYDDINGA



## I "GRØN PAKT".

Elev/Kunstprosjekt Unge verdsarvingar (m lærarar) og tre regionale kunstnarar utforskar formidlingsmåte og omgrep "verdsarv". Samarbeid med Seanse- Norsk senter for kunstproduksjon. Verdsarvsbenkar, fotografi, installasjonar, biletlege handlingar, video/filmarbeid, mm

12 skuledagar i løpet av 2008/9.



## II VERDSARV OG VERDIAR

Vidareføring av "Grøn pakt".

Framhald av Seanse-prosjektet til Geiranger skule og Vega skule (ts 7 skuledagar).

Biletlege handlingar, fotokort og meldingar til klimatoppmøte-politikarane i København. Film om verdsarv og verdiar.



### III OPERA/KLIMA-STUNT

Stunt av elevar og kunstnarar frå prosjektet vårt på Operataket i samband m klimakonferansen. Biletlege handlingar, kortutdeling, fotoinstallasjon og filmframsyning. Vi har trakka ei rås frå Vega til København.



### IV THEHAPPYEND-SAMARBEID

Samarbeid med samanslutninga av 15 småprodusentar i bygda. Marknad, tilstellingar, konsertar, mediastunt, midtsommardagar, seminar, visjonsarbeid, internasjonal utveksling.



## IV "NATUREN SOM VERDISKAPAR"

Utarbeiding av skisse i verdsarvssamanhang, samarbeid m verdsarvsadm, Norddal/Stranda kommune. Avslag som pilot.



## V BYGDEKVINNENE OG VERDSARVEN

Samarbeid m lokale bygdekvinnelag og helselag.  
 Portrettfotografering v 5.-7.kl. Intervju om det beste ved å bu her. Utstilling.  
 "Kopperulling" og kaffislaberas.



## VI OPA LOKAL VEKE

Filmframvisningar (lokal kulturlandskapsdokumentar + global småprodusentdokumentar), lokal kafe og kvileøvingar. Loppemarknad v borna. Lokale produkt-sal.



## VII "ARVEN"

Lokale musikarar m unge verdsarvingar på konsertscena i lòa. Samarbeid m Midtsommardagar. Spesialskreven og spesialøvd låt til "Arven".



## VIII HØGSKULESTUDIUM

Samarbeid m verdsarvsstudiet v Høgskulen i Volda om fleire dagars opphald/studium på paktarstova i den levande verdsarvsbygda Norddal. Utprøving 2009: Samarbeid med fotograf, kunstnar, dei som slår gras i Norddal (kulturlandskaparar) og med dei som produserer lokale matvarer (The Happy Endarar). Verdidiskusjonar. Fotosafari m utstilling (her og på Høgskulen i Volda) og blogg. Verdsarvsmåltid m lokale råvarer. Med ordførar , media og lokale jordbrukarar.

Vidareføring 2010: Fokus på å bu og drive i verdsarven. Dokumentarfilmskapar formidlar forståing av dokumentarportrettering. Besøk hos aktive drivarar. Fleire studentar legg hovudoppgåva si hit.



## IX VERDSARVSBUSTADEN

Samarbeid med BB2012 (berekraftige bygg og bolighus 2012), Norske Arkitekters Landsforbund Møre og Romsdal. Pilotprosjekt. Verdsarvsbustaden inneber nasjonal konkurranse/kompetanseheving for arkitekter om livsstilsbustaden for potensielle tilflyttarar i Norddal (Dalsbygda). Tverrfagleg prosess med basis i bl a livsstilsflytting, lokalt næringsliv og tre-fokus. Sjå vedlegg.



## X BULYST

Blest om prosjektet har gitt mange koblingar til potensielle tilflyttarar (minst 6 siste året). Verdsarvsverdiane og prosjektsamarbeid har her vore sentrale argument. Prosjektleiar har arbeidd ut eit forslag til pilotsøknad på ”bolyst-satsinga” (KRD) i samarbeid med Norddal kommune og næringshagen. Her blir verdsarven sine verdier lagt til grunn for bolyst og tilflytting, med forslag om kreative strategiar. Sjå vedlegg.



## XI OUTOFTOWN-SEMINAR

Vi starta i vår ei seminarrekke for å skape dialog rundt verdsarven sine verdier blant dei som arbeider med tilgrensande spsm. Første emne var ”Verdsarv og bygdeutvikling” frå ein forskar, ein sosiolog og ein kunstnar sin ståstad. Neste seminar vil vere i samarbeid med småbrukarlaget i fylket, og omhandle landbruket og verdsarvstanken. Byråkratar, politikarar, jordbrukarar og ålmenta i heile verdsarvsområdet mm blir inviterte til desse seminara.



## XII PRØVEARVINGAR

Verdsarvverdiane syner seg dugande til å lokke tilflyttarar. Fleire av verdsarvsstudentane snusar no på å prøvebu i Dalsbygda, td. I tillegg har vi stadig vore på fånyttles leit etter boligar pga etterspørsel siste to åra. Potensielle tilflyttarar her ser ut til å ville ”flykte” frå byen til det gode livet på landet. Vi legg no planar for den tomme presteboligen til bustad for prøvearvingar, utlyst på nasjonal basis – med visse aktivitetskriteriar for tilflytting.



## XIII DOKUMENTARV

Samarbeid med profesjonell dokumentarfilmskapar er sett i gang for å jobbe innanfor rammene "Verdsarv og bygdeutvikling". Filmskaparen har tidlegare laga dokumentaren m motiv frå verdsarvsområdet "Kultur + landskap=sant", stadig synt på Paktarstova. Dokumentarfilmsklaparen har også jobba med verdsarvsstudentane om dokumentarfilmforståing.



## RÅDFØRING/MØTE/SAMARBEID

På lokalt og (inter)nasjonalt plan

m verdsarvsadministrasjonar, Sunnmøre Museum, fylkeskonservator, Stiftinga Notnaustet , bygdekvinnelag, bonde- og småbrukarlag, helselag, lærarar, The Happy End, Stiftinga Severinbrauta, arkitektar, museumsformidlarar, pilotar, dokumentarfilmskaparar, bygdeutviklarar, kyrkja, distriktssenteret, kunstnarar, forskarar, byråkratar, osv.

### INTERNASJONALE SPSM

Vi har diskutert verdsarv med gjestar frå Innovasjon Norge/Bulgaria, verdsarvsadm på Grønland, verdsarvsstudentar frå Tyskland, Polen, Ukraina, England, Spania, musikarar frå Skottland, bygdeutviklarar frå Bulgaria, osv



## ANDRE

Fleire aktørar ønskjer samarbeid rundt "verdsarvsfilialen". Nokre stikkord: "Verdsarvskonfirmantar", med Changemaker. Kyrkjekaffi m verdsarvsfilm. Båtbyggeri/verkstad v Stiftinga Notnauset i Iøa. Friluftshøyskolen m samarbeid om Norddal Prestegard. Renovasjonsselskapet m verdsarvsvinkling frå scena paktarstova.



## ØKONOMI

Stillinga har utløyst ei rekkje midlar, mange gongar det som har vore investert til den første 30 % stillinga.

I løpet av forprosjektet (2008/9)hausta vi 170000 kroner frå Seanse og verdsarvsadministrasjonen til prosessarbeid med ”Grøn Pakt” (Sjå over).

I same periode fekk vi løyvd midlar frå fylket til full vidareføring av prosjektstillinga i 50 % (frå 010509- 31.12.10).

Den siste vidareføringa av prosessarbeidet ”Grøn Pakt” har utløyst 270700 kroner frå Seanse. Her er prosjektet vidareført og utvida, men prosjektleiinga har lege til Stiftinga Paktarstova

I tillegg har verdarvsadministrasjonen funne 200.000 til vidare prosessarbeid med ulike delprosjekt 2009/10.

Slik aktivitet utløyser nok og lettare midlar til restaurering av bygningane.



## MEDIA

Prosessarbeidet Grøn Pakt har spesielt vekt media si interesse. NRK Møre og Romsdal har hatt innslag både på radio, TV og nettsida om kunstprosjektet. Sunnmørsposten har også følgt denne saka med fleire reportasjar, to fleirsiders.

Lokalavisene har også vore på bana, også på Vega.

Tre kunst/dokumentar.filmar har vore skapt i samband med kunst/skuleprosjektet.

Nokre av desse har vore synt på Operataket i Oslo, på Verdsarvssenteret, i gjødselkjellaren på prestegarden, medan ein har hamna på Barak Obama sitt bord.

Dokumentarskaping er også aktuell formidlingsmåte i dette prosjektet. Profesjonelle dokumentarfilmskaparar er i full gang med emne verdsarv og bygdeutvikling, og har nyst formidla fundamental teknikk til verdsarvsstudentar.

Heimeside er under utarbeiding. Her vil filmsnuttar utgjere ein del av prosess-skiltringane.

Verdsarvsstudiet ved Høgskulen i Volda har utarbeidd velforma blogg, der paktarstova og Dalsbygda har fått stor plass. Ei stor utstilling frå verdsarven har og prega vestibyla på Berte Kanutte-bygget på Høgskulen i haust. Utstillinga står no på Verdsarvssenteret i Geiranger.

## FASE 2: PLASSERE SEG I LANDSKAPET



## OG DRAGE LINJENE

Mange prosjekt, mykje engasjement, stor pengetilstrøyming, gode samarbeidspartnarar, stor mediainteresse.

Er på mange måtar fornøgd med utprøvinga undervegs.

Kva gjer vi med dette?

Når vi no skal nøste trådane, dreg vi og linjer framover:

Vi har plassert oss i eit landskap som dreier seg om bygdeutvikling i form av samarbeid om verdsarvsverdiar.

Vi har sett at vi kan nytte små, utvalde ressursar for å gjere verdiane synlege. Vi har mykje nytta den vesle bygda, lokale produsentar og prestegarden som eit konsentrert forsøksfelt . Frå denne har vi trakka råsa både til Vega, til København, til andre bygder og høgskular. Vi har rydda, snudd og vendt på verdsarvsomgrepet og bygdeutviklingomgrepet. Og vi har blitt endå sikrare på at ”den grønne tråden” er den raude tråden. Og at oppnøstinga startar innanfrå, og vil ingen ende ta.

Prosjektet manar til tru på budskapen: Ei grundig, opa, kreativ og ærleg ”verdi-  
teljing” i levande bygder er utgangspunktet for både økonomi, marknadsføring, omdømmebygging og bulyst .



## STRATEGI 2010-13

Vi vil halde fram å vere levande

PILOTAR i eit konkret FORSØKSFELT. (Sjå Bolyst-søknad)

SIDESPOR og FILIAL til VERDSARVEN

Der DOKUMENTASJON skal gjerast i samarbeid med FORSKING.

Kreativ FORMIDLING, SAMARBEID og DIALOG er både mål og teknikk i dette arbeidet.

Pilotarbeidet vil foregå både innanfor td bulyst, kulturlandskap, dialogarbeid, overraskande metodar og tverrfaglege samarbeid.

Bolyst og tilflytting vil vere eitt av dei første felta vi vil knytte opp mot verdsarvverdiar:

### Døme , tilflyttingsstrategi

Vi satsar på at dei grøne verdsarvsverdiane gir auka bolyst for andre og, og legg inn storstilt satsing og synleg dyrking av desse. Slik sikrar vi oss tilflyttarar som set pris på verdiane som verkeleg er her.

#### I VERDSARVSBUSTADEN

Vi er utpeika til PILOT for BB2012, arkitektforeninga si satsing på berekraftige bygg og bolighus. VERDSARVSBUSTADEN (Sjå vedlegg) er prosessarbeid for

arkitektar i samarbeid med lokale ressursar i form av næring, materiale og bygdeutvikling. Skapar dialog mellom innbyggjarar og tilflyttarar, aritektar og lokale utførarar.

## II PRØVEARVING

Vi frigjer og klargjer minst to noverande tilgjengelege bygg (bla presteboligen) til utleige for "Prøvearvingar". Annonserast nasjonalt etter livsstilsflyttarar som er villige til å gjere ein innsats for verdiane dei søker.

## III DOKUMENTARARBEID

Profesjonell dokumentarfilmskapar følgjer bu-prosessen, og fokuserer på fundamentale spsm rundt det å bu.

## IV FORSKING

Vi ønskjer å hekte på Norsk Senter for Bygdeforskning og Vestlandsforskning til bustrategien.

(Dette er ein førebels rapport. Meir utfylling og strategi vil kome desse siste to-tre månadane av prosjektet.)

Ingvild Hansen Nystad  
prosjektleder